

NOTAT

Referat frå møte i byggjenemda 30.03.2017.

Frå byggjenemda møtte : John Bauge , Torill helland

Frå administrasjonen møtte: Lisbeth Alver, Ingrid Didriksen og Einar Færø,

Saker:

Plassering av nytt reinseanlegg på Manger.

Administrasjonen informerte om prosessen og dialogen som hadde vore med grunneigaren av det aktuelle arealet på Manger kai. Gjennom samtalar med grunneigar har pris vore ein av utfordringane, men også utforming og plassering av bygget har vore grundig diskutert. Neste steg no er å få ei endeleg avklaring om plassering og rådmannen vil difor til neste møte i formannskapet leggje fram notat med forslag til løysing.

Byggjenemda opprettheld plassering på Maner kai som den mest fornuftige og best eigna plasseringa teknisk sett. Nemnda ville ikkje påta seg rolla som «spåmann» for framtidig utvikling av Manger kai og meiner at oppgåva til nemnda er å finna gode tekniske og økonomisk forsvarlege løysingar.

Byggjenemda såg det heller ikkje forsvarleg å gå attende til Pollen som løysing og meinte at Pollen som alternativ burde skrinleggjast for godt. Når det gjeld Skitkaien meinte nemda at plasseringa isolert sett er god , men at dårleg fjell kan føre til høge byggjekostnader.

Anna:

Administrasjonen informerte kort om vassverkprosjekt som er under planleggjing. Det er utarbeidd funksjonsbetrivelse for legging av kommunal vassleidningen i FV 565 Marås- Soltveit. Leidningen vert med som ein opsjon, men endeleg avgjerd om leidningen skal leggjast vert politisk bestemt når kostnadane er avklara gjennom ein tilbodsrunde.

Høgdebasseng Haukåsen: Prosjektet er under planleggjing og tilbodskonkurransne vil verta utført like etter påske.

Andre vassverkprosjekt: Planleggjing pågår for Litlavatnet, Kvalheim og ny leidning til Listveit.

Manger 04.04.2017

Einar Færø